



Arbeid med tekstskriving og grammatikk samtidig

1. Du skal skrive ein kort tekst med utgangspunkt i eitt av desse bilda. Vel mottakar og sjanger sjølv. Det kan til dømes skrivast til ein ven du vil overtale til å prøve noko nytt, til ein turistbrosjyre, eit blogginnlegg eller eit dikt til instagramkontoen.
2. Først tenkeskriv du i tre minutt utan at du reflekterer så mykje over korleis teksten din skal sjå ut, men ut ifrå kva inspirasjon du har fått frå eitt av desse bilda. Les opp teksten din for ein læringspartnar. Kva ord likte dokker best i tekstane til kvarandre? Kva ordklasse er dette ordet? Marker ordet i tekstane dokkar.
3. Dokker kan gjerne skrive dei orda dokker likte godt på ein gul klistrelapp og henge dei opp i klasserommet. Snakk saman om kvifor desse orda er gode.
4. Marker med ein farge dei verba du har brukt. Finn tre nye verb som du trur du har bruk for når du skal skrive vidare. Er dei sterke eller svake verb? Forklar skilnaden og bøy dei.
5. Så gjer du det same med substantiva, marker med ein annan farge under dei substantiva du har brukt. Finn tre nye substantiv du har bruk for til teksten din. Kva kjønn har desse substantiva? Korleis er reglane for bøyning av substantiv på nynorsk?
6. Skriv i tre minutt til på teksten din. Les han på nytt opp for læringspartnaren din. Er det ordet du likte best i førre runde, det ordet du framleis liker best, eller vil du velje eit nytt? Diskuter dette med læringspartnaren din.
7. Kva pronomen har du brukt i teksten din? Marker dei med ein tredje farge.
8. Skriv vidare på teksten til du meiner han er ferdig.
9. Nå skal du tenke på å redigere teksten din og gjere han ferdig. Samarbeid med læringspartnaren din og diskuter med han/ho. Tenk over desse punkta:
 - a. Korleis fungerer starten på teksten din?
 - b. Er teksten godt tilpassa mottakaren din?
 - c. Er det nokon av substantiva eller verba du vil byte ut med andre, slik at du får inn fleire nyansar i teksten din?
 - d. Har du rett substantiv- og verbbøying? Har du komma på rett stad? Andre språklege ting?
 - e. Har du ei god oppbygging av teksten?
 - f. Har du ei fin avslutning?

